

# Møteprotokoll

## Formannskapet

**Møtedato:** 12.03.2026**Møtetid:**

10:00 - 13:00

**Møtestad:** Ordførar sitt kontor**Saksnr.:**

017/26 – 025/26

| <b>Følgjande medleamar møtte</b> | <b>Parti</b> |
|----------------------------------|--------------|
| Aud Marit Berge Feidje           | AP           |
| Eivind Sverre Lidal              | SP           |
| Marta Sofie Vange                | H            |
| Roy Egil Stadheim                | AP           |
| Rune Lunde                       | AP           |

| <b>Ugilde</b> | <b>Parti</b> | <b>Sak</b> | <b>Følgjande varamedl. Møtte</b> | <b>Parti</b> |
|---------------|--------------|------------|----------------------------------|--------------|
|               |              |            |                                  |              |

|                                  |                                        |
|----------------------------------|----------------------------------------|
| <b>Møteleiar:</b>                | Ordførar Roy Egil Stadheim             |
| <b>Frå adm. møtte:</b>           | Kommunedirektør Siri Fahlvik Pettersen |
| <b>Dokument utlevert i møte:</b> |                                        |
| <b>Synfaring:</b>                |                                        |
| <b>Merknader:</b>                |                                        |



## Sakliste

| Sak nr. | Saktittel                                                                                                 |
|---------|-----------------------------------------------------------------------------------------------------------|
| 017/26  | Godkjenning av innkalling og sakliste samt val av representantar til å godkjenne møteboka                 |
| 018/26  | Referatsaker                                                                                              |
| 019/26  | Delegasjonsaker                                                                                           |
| 020/26  | Orienteringssaker til formannskapet 12.03.26                                                              |
| 021/26  | Støtte til utstilling i Vikjahalli i august 2026                                                          |
| 022/26  | 4-årig strategi for bruk av tilskot til investeringstiltak i beiteområda i Vik kommune for åra 2026- 2029 |
| 023/26  | Høyring - bruk av overtredelsesgebyr med heimel i hundelova                                               |
| 024/26  | Fullmakt til å ta opp startlån i 2026                                                                     |
| 025/26  | Open post i formannskapet                                                                                 |



**017/26: Godkjenning av innkalling og sakliste samt val av representantar til å godkjenne møteboka**

Innkalling og sakliste vert godkjent slik dei ligg føre. Desse representantane vart valde til å godkjenne møteboka (i tillegg til ordføraren):

**12.03.2026 Formannskapet****FS - 017/26 Vedtak:**

Innkalling og sakliste vert godkjent slik dei ligg føre. Desse representantane vart valde til å godkjenne møteboka (i tillegg til ordføraren): Rune Lunde (SP) og Marta Sofie Vange (H).

Samrøystes.

**018/26: Referatsaker**

Meldingane vert tekne til orientering slik dei ligg føre.

**12.03.2026 Formannskapet****FS - 018/26 Vedtak:**

Meldingane vert tekne til orientering slik dei ligg føre.

Samrøystes.

**019/26: Delegasjonsaker**

Delegerte saker vert tekne til orientering slik dei ligg føre.

**12.03.2026 Formannskapet****FS - 019/26 Vedtak:**

Delegerte saker vert tekne til orientering slik dei ligg føre.

Samrøystes.



## **020/26: Orienteringssaker til formannskapet 12.03.26**

### **Kommunedirektøren si tilråding**

Formannskapet tek orienteringane til vitande.

### **12.03.2026 Formannskapet**

Areal- og samfunnsplanleggjar Karen Weichert orienterte om reguleringsplan Vetleøyri og oppstart revisjon av arealdelen til kommuneplanen.

Drøfting av salutt på 17. mai og 17.mai program

- Salutt 17.mai blir ikkje avvikla. Kommunen held fram med å holda på tradisjonane.
- 17.mai program blir digitalt.

Kransepålegging 17. mai 2026:

- Roy Egil Stadheim - Vik
- Marta Sofie Vange - Vangsnes
- Aud Marit Berge Feidje - Arnafjord
- Eivind Lidal - Fresvik

Informasjon frå ordførar:

- Statssekretær i landbruksdepartementet Anette Stegehjem Norberg var på besøk i Vik 10.03.26.
- Statssekretær Marte Ingul kjem til Vik 26.03.26. Ingul skal besøke Highsoft og Sognekraft.
- Ferja Vangsnes - Hella - Statens Vegvesen har sendt innspel til samferdselsdepartementet om at dei ynskjer nattferjer når Lærdalstunnellen stengjer.
- Opparbeiding av veg Vangsnes til Krossen - Statsforvaltaren i Vestland har kome med motsegn.
- Møte i politiråd 27.02.26 - ordførar tok opp politiberedskapen i Vik. Politiet er i gang med ei omorganisering som blir kalla Framdrift Vest. I møtet tok ordførar igjen opp den låge politiberedskapen i Vik.

Informasjon frå kommunedirektør:

- Status rekrutteringsprosess kommunedirektør
- Sogn IPR
- Sogn KO
- Ymse

Presentasjonar er lagt ved sak.

### **FS - 020/26 Vedtak:**

Formannskapet tek orienteringane til vitande.

Samrøystes.



## **021/26: Støtte til utstilling i Vikjahalli i august 2026**

### **Kommunedirektøren si tilråding**

Saka vert lagt fram for kommunestyret med slik tilråding:

Vik kommune gjev kr. 35 000 i støtte til utstilling i Vikjahalli i august slik som søkt om.

Midlane vert dekkja frå disposisjonsfondet.

### **12.03.2026 Formannskapet**

#### **Votering nr 1 -** Voting over forslag

Forslag: **Opprinnelig forslag**

**For:** 5 stemmer (100%) - AP 3, H 1, SP 1

**Mot:** 0 stemmer (0%)

#### **FS - 021/26 Vedtak:**

Saka vert lagt fram for kommunestyret med slik tilråding:

Vik kommune gjev kr. 35 000 i støtte til utstilling i Vikjahalli i august slik som søkt om.

Midlane vert dekkja frå disposisjonsfondet.

Samrøystes

## **022/26: 4-årig strategi for bruk av tilskot til investeringstiltak i beiteområda i Vik kommune for åra 2026- 2029**

### **Kommunedirektøren si tilråding**

Strategi for bruk av tilskot til tiltak i beiteområde for åra f.o.m 2026 t.o.m 2029 vert vedteken

### **12.03.2026 Formannskapet**

#### **Votering nr 1 -** Voting over forslag

Forslag: **Opprinnelig forslag**

**For:** 5 stemmer (100%) - AP 3, H 1, SP 1

**Mot:** 0 stemmer (0%)



**FS - 022/26 Vedtak:**

Strategi for bruk av tilskot til tiltak i beiteområde for åra f.o.m 2026 t.o.m 2029 vert vedteken.

Samrøystes

**023/26: Høyring - bruk av overtredelsesgebyr med heimel i hundelova****Kommunedirektøren si tilråding**

Brot på reglane om bandtvang er eit aukande problem som gjeld både lokale hundeeigarar og besøkjande. At politiet får mynde til å skrive ut bøter på staden vil vera eit godt verkemiddel for å førebyggja alvorlege hendingar med skade på beitedyr, ville dyr og anna.

Vik kommune støttar framlegget frå landbruks- og matdepartementet til forskrift om som ma. gjeld at politiet får vedtaksmynde til å ilegga overtredelsesgebyr for brot på bandtvangsbestemmelsane i hundelova, jf høyringsbrev av 21.01.2026.

**12.03.2026 Formannskapet****Votering nr 1 -** Votering over forslag

Forslag: **Opprinnelig forslag**

**For:** 5 stemmer (100%) - AP 3, H 1, SP 1

**Mot:** 0 stemmer (0%)

Formannskapet ber administrasjonen syte for informasjonskilt på norsk og engelsk om bandtvang i turområde.

**FS - 023/26 Vedtak:**

Brot på reglane om bandtvang er eit aukande problem som gjeld både lokale hundeeigarar og besøkjande. At politiet får mynde til å skrive ut bøter på staden vil vera eit godt verkemiddel for å førebyggja alvorlege hendingar med skade på beitedyr, ville dyr og anna.

Vik kommune støttar framlegget frå landbruks- og matdepartementet til forskrift om som ma. gjeld at politiet får vedtaksmynde til å ilegga overtredelsesgebyr for brot på bandtvangsbestemmelsane i hundelova, jf høyringsbrev av 21.01.2026.

Formannskapet ber administrasjonen syte for informasjonskilt på norsk og engelsk om bandtvang i turområde.

Samrøystes.



## **024/26: Fullmakt til å ta opp startlån i 2026**

### **Kommunedirektøren si tilråding**

Formannskapet legg saka fram for kommunestyret med følgjande framlegg til vedtak:

Kommunedirektøren får fullmakt til å ta opp startlån i Husbanken til vidare utlån med inntil kr. 6.000.000,- i 2026. Kommunedirektøren får fullmakt til å gjere avtale om opptak av lån, og avtale lånetidspunkt og lånevilkår (herunder løpetid), samt fullmakt til å underteikne lånedokumenta innafor vedteken låneramme.

### **12.03.2026 Formannskapet**

#### **Votering nr 1 -** Voting over forslag

Forslag: **Opprinnelig forslag**

**For:** 5 stemmer (100%) - AP 3, H 1, SP 1

**Mot:** 0 stemmer (0%)

### **FS - 024/26 Vedtak:**

Formannskapet legg saka fram for kommunestyret med følgjande framlegg til vedtak:

Kommunedirektøren får fullmakt til å ta opp startlån i Husbanken til vidare utlån med inntil kr. 6.000.000,- i 2026. Kommunedirektøren får fullmakt til å gjere avtale om opptak av lån, og avtale lånetidspunkt og lånevilkår (herunder løpetid), samt fullmakt til å underteikne lånedokumenta innafor vedteken låneramme.

Samrøystes.

## **025/26: Open post i formannskapet**

### **Kommunedirektøren si tilråding**

Saka blir lagt fram utan tilråding.

### **12.03.2026 Formannskapet**

Spørsmål frå Marta Sofie Vange (H):

- Kva kostar drifta av EM tiltaket Vik kommune? Kommunedirektøren opplyste om at kommunen nettopp har fått melding om at IMDI har operert med feil dato for når dei har gitt kommunen midlar. Vik kommune har fått tilført midlar frå 2. februar 2025, i staden for frå 2. august 2025 når dei einslege mindreårige kom til kommunen.



Dette utgjør kr 750 000, noko kommunen vert trekt for i neste termin i 2026. Dette vert budsjettregulert i samband med tertialrapporten. Når det gjeld tilsette har administrasjonen i alle dokument operert med 8,8 årsverk i EM tenesta.

Det fordeler seg slik:

- 30% stilling er lagt til tenesteleiar
- 50% til fagleiar
- 8 årsverk i turnus miljøterapeutar.

| EM- tenesta                             | NOK 2025         | NOK 2026         |
|-----------------------------------------|------------------|------------------|
| Utgifter (2025 rekneskap/2026 budsjett) | 4 254 137        | 9 705 241        |
| Auke Flatbygdi skule                    |                  | 826 000          |
| Beregna del av integreringstilskot      | 3 177 955        | 5 809 100        |
| <b>Driftsunderskot</b>                  | <b>1 076 182</b> | <b>4 722 141</b> |

- Har Vik kommune no fått på plass skriftlege rutiner for handsaming av varsel? Arbeidsmiljøutvalet har hatt saka til handsaming. Arbeidet er i sluttfasen, men det står att nokre mindre avklaringar før endeleg ferdigstilling. Saka vert lagt fram for vedtak i Arbeidsmiljøutvalet 03.06.26.
- Korleis blir formannskapet sitt møte på Tine Meieri Vik fulgt opp? Spørsmålet vart drøfta i møtet, og ordførar følgjer saka vidare.
- Kjem saka om takteking og bruk av Notestova opp i neste formannskapsmøte? Ordførar informerte om at kommunen har løyvd midlar til takteking og reknar saka som avslutta frå kommunen si side. Vik musikklag er ansvarleg for gjennomføring av arbeidet.

#### FS - 025/26 Vedtak:

Saka blir lagt fram utan tilråding.

Samrøystes.

